

Gode tonar frå nye korpsrekruttar.

25.08.2017



Katrine, Nelly og Malene får sine første instruksjonar av Linas Dakinevicius.

Torsdag var ein spennande dag for 6 korpsinteresserte barn. Då stilte dei nemleg på si første aspirantøving i kulturskulen. Det føregjekk i Uskedal skule like etter skuletid, og lærar var dyktige Linas Dakinevicius som har hatt aspirantopplæringa i Uskedalen som ein del av sillinga si i kulturskulen siste åra. Dei fekk ein lovande start, og alle fekk flott tone i instrumenta sine.



Signe Karine, Anna Simone og Ebba i full sving med øvinga.

Dei seks aspirantane var fordelt på to grupper der dei spelar althorn og kornett. Dei seks er Signe Karine Koløy, Nelly Borgen Hermansen, Ebba Hermann Fossli, alle på kornett, og Katrine Øvstebø, Anna Simone Enes og Malene Myhre Olsen på althorn.

Alle har no starta på ein hobby som dei kan ha mykje glede av gjennom heile livet. I tillegg er det heilt sikkert at dei vil glede mange andre med musikken sin. Kanskje nokre til og med vert like flinke som læraren Linas som har opplevd veldig mykje og spelt i mange land og samanhengar før han kom til Kvinnherad som kulturskulelærarar? Ein ting er sikkert dei har i alle fall fått ein særdeles dyktig og hyggeleg lærar i Linas som opphaveleg er frå Litauen. Det kan dei berre så vidt høyra, for han snakkar så bra norsk.

Dei 6 nye aspirantane er med og sikrar rekrutteringa til skulemusikken som denne sesongen har litt fleire musikarar enn i fjar. Det er ei gledeleg utvikling!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Anja Strüter.